

Jernbanedirektoratet  
Pb 16 Sentrum  
0101 OSLO

Dato: 27.11.2017  
Vår ref.: 2016/1021-10  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Gratis kollektivtrafikk ved høg luftureining i Bergen

I brev til NSB av 23.02.2017 (vedlagt), synte me til at det er fatta vedtak i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om at det skal innførast beredskapstakstar i Bergen på dagar med høg luftureining. I samband med dette er det vedteke at kollektivtrafikken skal vera gratis dei dagane det er beredskapstakstar. NSB har ikkje respondert på brevet. Etter det me forstår så er det Jernbanedirektoratet som no har ansvar for jernbanetakstane.

Bergen kommune og fylkeskommunen ynskjer at også NSB sine ruter i Bergen vert omfatta av dette tiltaket. Fylkeskommunen ynskjer å koma i dialog med direktoratet for å få i stand ein avtale som oppfyller det kommunale og fylkeskommunale vedtaket. Me ber om rask tilbakemelding.

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Kopi: Vårt brev av 23.02.2017 til NSB

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*